

Kommunal- og regionaldepartementet  
Pb 8112 Dep  
0032 Oslo

22. april 2008

## **Forvaltningsreformen – høyringsuttale frå Vest-Telemarkrådet.**

Vest-Telemarkrådet ser det som viktig å halde fast ved dagens innretning der ein har 3 formelle forvaltningsnivå og eit fjerde regionalt nivå som synest få stadig aukande betydning. Med regionalt nivå meiner vi her dei ulike regionråda der kommunane samarbeider om å løyse felles oppgåver.


Det er viktig å få til ei desentralisering av makt og ressursar og sikre nærleik og legitimitet i høve til innbyggjarane. Vi ser det derfor som avgjerande at beslutningane vert tekne på lågast mogleg nivå.

Vi vil elles uttrykke vonbrot i høve til omfanget av arbeidsoppgåvene som departementet foreslår overført frå statleg til fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Dette kan berre sjåast som byrjinga på ein prosess med overføring av arbeidsoppgåver og desentralisering av avgjerdsmynde. Staten må sikre at denne prosessen vert vidareført og såleis oppfylle intensjonane om forsterka folkestyre og demokrati på lokalt og regionalt nivå. Vest-Telemarkrådet finn det såleis naturleg at oppgåvene innafor miljø og landbruk vert overført til fylkeskommunalt nivå.

Det er også viktig å sikre at dei økonomiske overføringane står i høve til dei samla oppgåvene som vert overført, og at innretningane er av varig karakter. Vi vil til dømes peike på forslaget om overføring av ansvaret for øvrig riksvegnett frå Staten til fylkeskommunalt nivå. Dei økonomiske rammene er i dag for knappe og ei overføring av ansvar må også setja krav til økonomi. I tillegg til krav om varige økonomiske overføringar vil vi også peike på det svært store etterslepet i vedlikehald som gjeld innafor denne sektoren. Etterslepet må takast inn før overføring kan skje.

Venleg helsing  
Vest-Telemarkrådet

Olav Urbø (sign)  
Regionordførar

  
Kjell Gunnar Heggnes  
Regionrådsleiar